

**SAKSVEDLEGG TIL EKSTRAORDINÆRT MØTE I
GENERALFORSAMLINGA
I INDRE SOGN SPAREBANK 18.12.2018**

**Sak 15.2018 Samanslåing (fusjon) med Indre Sogn Sparebank,
Aurland Sparebank og Vik Sparebank**

a) Innstilling frå valnemnda i Indre Sogn Sparebank

Vedlegg 2: Innstilling frå valnemnda

b) Styresak 136.2018:

Styra i Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank har 12. november 2018 vedteke fusjonsplan for samanslåing av bankane. Målet med fusjonen er å skape ein slagkraftig bank i Sogn som skal vere godt posisjonert for framtida.

Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank er tre sterke og lokalt forankra bankar med tyngdepunkt i Årdal, Lærdal, Aurland og Vik. Indre Sogn Sparebank har i tillegg kontor i Sogndal og Bergen. 20 juni 2018 vart det kommunisert at dei tre bankane hadde vedteke å gå i tingingar om ein mogleg fusjon. Bankane er komplimentære i si verksemd og utfyller kvarandre godt.

I samband med fusjonen vil det ikkje bli oppretta sparebankstiftingar. Grunnfonds-kapitalen som bankane går inn med i den nye banken vil bli øyremerka i vedtektene og vil danna grunnlag for lokale gåvetildelingar og etablering av eventuelle framtidige stiftingar. Gåvetildelingane vil bli viktige og ein vil vidareføre bankane sine gåver og store engasjement i lokalsamfunna.

Grunnlaget for avtalen har etter styrets oppfatning vore ein grundig og god prosess som har ivareteke alle bankane sine interesser.

Adm. banksjef i den samanslegne banken vil vere Mads Arnfinn Indrehus. Styreleiar vert Morten Kristiansen og nestleiar i styret vert Arve Tokvam.

Vedtektene regulerer sammensetningen av generalforsamling, styre og valkomite. Lokale omsyn er ivareteke.

Det nye bankkonsernet vil ha 55 tilsette i 5 kommunar og ein forvaltningskapital på 7,8 milliardar kroner. Ingen tilsettee vil bli sagt opp som følgje av fusjonen.

Vedlegg:

- Vedlegg 3: a) Avtale om samanslåing (fusjonsplan)
- Vedlegg 4: b) Utkast til opningsbalanse og revisorerklæring til opningsbalansen,
- Vedlegg 5: c) Sakkunnig erklæring frå revisor
- Vedlegg 6: d) Utkast til vedtekter for den samanslegne banken,
- Vedlegg 7: e) Vedtekter for dei tre gamle bankane
- Vedlegg 8: f) Styret sin rapport om samanslåinga
- Vedlegg 9: g) Børsmelding av 12. november 2018 med vedlegg frå Indre Sogn Sparebank
- Vedlegg 10: h) Pressemelding av 12. november 2018

Andre vedlegg til fusjonsplanen, er tekne inn på banken si heimeside:

<https://indresognsparebank.no/ombanken/investorrelations>

Fusjon Sogn Sparebank



Styret tilrår generalforsamlinga å fatta følgjande vedtak:

Generalforsamlinga vedtek "Fusjonsplan av 12. november 2018 med vedlegg» i samsvar med sakstilfang.

1. Avtale og felles plan om samanslåing (fusjonsplan) av 12. november 2018 vert godkjend.
2. Med verknad frå godkjenning frå offentleg myndigheit ligg føre, blir vedtektene endra i samsvar med Avtale og felles plan om samanslåing (fusjonsplan), slik desse kjem fram av vedlegg 1 til denne protokollen, herunder vedtak at namnet til sparebanken skal vera Sogn Sparebank, ref vedtektene sin § 1-1.
3. Med verknad frå godkjenning frå offentleg myndigheit ligg føre, blir styret endra i samsvar med Avtale og felles plan om samanslåing (fusjonsplan) pkt. 8 til å vera:
 1. Morten Kristiansen, styreleiar, vald for 1 år
 2. Arve Tokvam, nestleiar i styret, vald for 2 år
 3. Olav Vikøren, styremedlem, vald for 2 år
 4. Anne Espeland , styremedlem, vald for 1 år
 5. Anne Maria Langeland , styremedlem, vald for 1 år
 6. Siv Enerstvedt, styremedlem, vald for 2 år
 7. Håkon Seim Lysne, styremedlem (Ek bevis eigar), vald for 2 år
 8. Anette Huun Jevnaker, styremedlem (tilsettere representant)
 9. Leidulv Finden, styremedlem (tilsettere representant)

Følgjande skal frå selskapsrettsleg ikrafttreding vera varamedlemer:

1. Torgeir Strypet, varamedlem (Indre Sogn)
2. Lars Loven, varamedlem (Aurland)
3. Kari Wiken Sunde, varamedlem (Vik)
4. Jorun Nilssen, varamedlem (EK bevis eigar)

I tillegg skal Therese Turlid vera observatør (tilsettere representant). Ho er i tillegg varamedlem for valde tilsettere representantar.

Sak 16.2018 Endring av vedtekter

a) Styresak 136.2018:

Sjå vedlegg sak 15.2018 ovanfor.

b) Vedlegg

Vedlegg 6: Utkast til vedtekter for den samanslegne banken,

Vedlegg 11: Oversikt gjeldande vedtekter/endra vedtekter

Styret tilrår generalforsamlinga å fatta følgjande vedtak:

Med verknad frå godkjenning frå offentleg myndigheit ligg føre, blir vedtektene endra i samsvar med Avtale og felles plan om samanslåing (fusjonsplan), slik desse kjem fram av vedlegg 1 til denne protokollen, herunder vedtak at namnet til sparebanken skal vera Sogn Sparebank, ref vedtektene sin § 1-1.